**Førsteblad**

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Transport av høy

Oppskr. av: Kitil Rui

(adresse): Vinjesvingen

Fylke: Telemark

Herad: Vinje

Bygdelag: Småaklepp

Gard: Rui

G.nr. 70. Br.nr. 1.

Båe delar

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Her i bygdi hev frå gamalt ein stor del av høyet kome frå støylar og fjellslåttor. Dette gjeld både store og små gardar. Rett no for tidi ser det ut til å verta slutt på dette. Tyngst ser det ut til å halde seg på små gardar og avsides liggjande bruk. Men enno er det no eit fåtal som hev slutta heilt med heieslått.

Alt høy vert ført heim på vetterføre. Hestelause bruk leiger det heim eller skifter til seg hest og køyrer sjølve. Då vert oftast eit hestdagsverk rekna likt med eit manndagsverk. Før var det ålment at dei som ikkje hadde hest drog heim høyet. Dei nytta helst kjakkje (ein) ein sterk lettbygd slede. Ein sterk kar drog vanleg eit halvt hestelass. Der det var bratt og vegen gjekk rett utover bruka dei „sloe" (ein) å slo, slör, slödde, slött. Her og vart eit halvt hestelass rekna höveleg. Sloen vart

2096

lesst på tvo eller tri ungbjörker som
var bundne saman i toppane. Oftast
var sloen laga om sumaren so top-
pane var „kroballsveidde". Då vart
dei stenkast og kunne brukast år
etter år. Höyet vart kjörebt eller, om
det hadde stade i stakk, lekse ut
med so kvile kjerulor som råd og
lesst på sloen framanpå. Sidan vart
höyet surra fast med taug eller reip
som tilslutt vart snöret under dei
samanbundne toppane som såleis
vart böygde noko opp so dei gjekk
betre på snöen. — Sloing vert det
drive litt med enno, men draging på
kjåkkji kvo gjinge er bruk den
siste mannsalderen.

2 Transporten på slåtta til höysel
eller stakk var köyring på meiskle
eller bering i taug. Til köyringi
vart bruka vanleg meiskle. Der
lendet var for styggt eller lust
vanter vart höyet bore saman
i taug. Tauget vart lagt dobbelt
med „haptr" i bukti. Til ei böre
var det vanleg ag rekna fire
fire kjende kjembar. d.v.s. ein
tek tak fire gongar i breidd med
rive for å få böra höveleg bre.
Ein skal „fasla" seg for böra. Taug-
endane tek ein over lendi. Ein som
kan bera skal rise seg åleine.
I einskilde höve der det var stutt

2096

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vog vart det bruka og bera „i vidje". Då la ein bera høyet på vidja og tok med ei hand i kvar ende. Dei bruka elles og rulla ~~høyet~~ høybørene utover når dei slo i skoren og ulende.

Eg hev aldri høyrt at dei bruka nokonslag net eller kipa til slikt. Derimot hadde dei „skjessue" (store vidjekorgjer til å bera på ryggen) til å bera høyet i på løa til fjoset der det var lang „sjomveg".

3. Alt høy vart ført heim på vetterføre. Både sleden og kjåkkjen som og skier om under punkt 1. er vetterreidskap.

4. Ein må bruka fleire slag høyredoningar til innkøyring av høy. No er vel høyvogni det vanlegaste, men både hjulslede og vanleg slede vert nytta. Vanleg slede vert bruka bere om eine meisledde. Hjulslede hev hjul bak og meiar framme. Lengda skifter svært. Frå under 2 m til over 3 m. Eit gamalt „standardmål" for breidda er 30" millom meiarne. På vetterssledane er jamt stålskoning. På sumarssledane er det eine undantak. For 60-70 år sidan var det nokso uvanleg og bruke skoning i detheile.

For å halde på høyet brukar me grindar på sidone og „kjenene" for endane. På høyvogni er kjenene fastr

På sledan er dei feste med vidjer
so dei kan lyppast ned under
tomkøyring. Ved høykøyring om
vettren er det ingen som køyrer
med grindane oppe på vettren
Etter gamalt skal det vera 4 bører
i sumarlasset og 8 i vetterlasset.
Om høystakkane hitte det at det
var ein „eikrosing" eller ein
„tvikrosing" Eitt eller tvo vetterlass.
Det siste lasset ein køyrde heim
skulle vera stort. Då skulle ein
greia seg godt med høy det året.
Mange hadde den tru at det skulle
ligge att noko høy i selet. Det kunde
beintfram vera gali om ein tok
alt. Etter å ha lest ut lasset
„rabba" (plukka fri laust høy) og „[illegible]"
med [illegible]. Det vart aldri brukt
meir enn ein hest for lasset.
5. Dersom nokon hev høy saman
i hiane vert høyet dela ved
heimkøyringi. Oftast ved at partane
tek kvar ~~sitt~~ sitt lass alltfort.
Alle som bruka same vegen køyrde
på same tida. Helst i februar-mars
Dei kom til om ein viss dag og
so gjekk man av huse for å
moka og trakka veg. Når det gjekk
an og køyre på veg var alle ute
same dagen og skiftest på å brøyte
Alle hestane gjekk på „trugar"

2096
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING